



Tokke kommune

2021

## Beredskapsplan for skuleeigar i samband med Covid-B19-pandemien



Dordi Iren Fosse Didriksen

VTDS

07.04.2021

# Innhold

Bakgrunn for planen .....	2
Føremål med planen .....	2
Målgruppe for planen .....	2
Ansvar .....	2
Vedtak om tiltaksnivå og stenging .....	3
Ved smitteutbrot i skulen .....	4
Telefonliste ved beredskap .....	5
Når skal elevar og vaksne ikkje møte på skulen/SFO? .....	5
Flytskjema for covid-19-testing ved symptom .....	8
Flytskjema barn.....	9
Symptomskjema .....	10
Skulane sine føresetnader for fjernundervisning .....	10
Elevar som kan ha krav på utvida tilbod ved stenging.....	11
Bemannning ved sjukdom, karantene og fjernundervisning .....	11
Vitjing på skulen for skulestartarar (gult nivå) .....	11
Skuleskyss .....	12
Beredskapsplan for skulane i Tokke etter trafikklysmodellen .....	13
TILTAK VED SJUKDOM (GRØNT,GULT OG RAUT NIVÅ) .....	13
RUTINAR FOR GOD HYGIENE (GRØNT,GULT OG RAUT NIVÅ) .....	14
KONTAKTREDUSERANDE TILTAK (GRØNT, GULT OG RAUT NIVÅ) .....	15
RUTINAR FOR FORSTERKA REINHALD (GRØNT,GULT OG RAUT NIVÅ) .....	23
TILTAK FOR TILSETTE (GRØNT,GULT OG RAUT NIVÅ).....	24

## Bakgrunn for planen

Vi har for tida eit pandemiutbrot av Covid-19-viruset i Noreg og resten av verda. Dette påverkar samfunnet i stor grad. Det er ei målsetting for Regjeringa at skular, SFO og barnehagar skal kunne halde opent gjennom pandemiperioden. For å lukkast med dette, er det utvikla nasjonale smittevernrettleiarar.

Smittevernrettleiarane baserer seg på ein trafikklysmodell, med tre nivå av smitteverntiltak på raudt, gult og grønt nivå. Det viktigaste tiltaket er at alle med symptom på luftvegsinfeksjon skal halde seg heime. Deretter er tiltaka sentrert rundt tre aksar. Dei tre aksane er kontaktreduserande tiltak, hygienetiltak og reinhaldstiltak. Kommunane er bedne om å utarbeide lokale planar som syner korleis skulane, SFO og barnehagane skal kunne endre tiltaksnivå basert på endringar i lokal smittesituasjon. Denne planen gjeld skule og SFO.

## Føremål med planen

Planen skal uavhengig av nivå på smitteverntiltak sikre:

- eit godt opplæringstilbod og progresjon i alle elevar sitt læringsutbyte
- at skulane har god og oppdatert informasjon om smittesituasjonen, gjeldande regelverk og smittevernrettleiarar
- at skulane har tiltak for å førebygge smittespreiing

## Målgruppe for planen

Planen er fyrst og fremst eit verktøy for skuleeigar og skuleleiing. Den er også informasjon for tilsette, elevar og føresette om skulen sitt arbeid med smittevern.

## Ansvar

**Smittevernmyndighetene** har ansvar for å avgjere kva for nivå tiltaka skal ligge på (grønt, gult eller raudt).

**Skuleeigar** har ansvar for at skulen til ei kvar tid gjev elevane eit forsvarleg opplæringstilbod uavhengig av smittesituasjon.

**Skuleleiinga** har ansvar for informasjon til personalet, føresette og elevar om den til ei kvar tid gjeldande lokale smittesituasjonen.

**Skuleleiinga** har ansvar for å sette i verk tiltak i tråd med gjeldande smittevernrettleiarar og lokal smittesituasjonen.

**Personalet** har ansvar for å halde seg oppdatert på informasjon om lokal smittesituasjon og tiltak og gjennomføre undervisning og arbeidsoppgåver innanfor rammene tiltaka gjev.

## Vedtak om tiltaksnivå og stenging

Tokke kommune si kriseleiing er kommunen sitt øvste organ i krisesituasjonar. Dersom det skal fattast vedtak lokalt om kva for nivå (raudt, gult, grønt) skulane skal sette i verk tiltak etter, er det kriseleiinga som gjer dette i samråd med kommuneoverlegen. Merk at det er nasjonale retningslinjer som avgjer i kva grad det er høve til å fatte slike lokale vedtak. Kommunalsjefen for oppvekst har ansvar for at skuleleiinga får beskjed om vedtaket og set i verk endringa.

I kriseleiinga deltek:

### Tokke kommune sin krikestab

**Faste medlemer:** Rådmann - Leiar av krikestaben, Plan- og næringssjef – Nestleiar, Oppvekst, kultur og idrettssjef – Informasjonsansvarleg, Beredskapskoordinator - sekretær

**Kallast inn etter trøng:** Kommunelege, Personalsjef, Helse- og omsorgssjef, Økonomisjef, IKT-leiar og informasjonsmedarbeidar (IKT og kommunikasjon)

Dersom vedtak om smittenivå blir fatta på nasjonalt nivå, er det kommunalsjefen for oppvekst som har ansvar for å innhente informasjonen, og syte for at skuleleiinga blir orientert og tiltak sette i verk.

Vedtak om stenging er regulert i Forskrift om smitteverntiltak mv. ved koronautbruddet (covid-19 forskriften):

*§ 12c Kommunens myndighet til å stenge eller begrense aktivitet ved barnehager, skoler og andre utdanningsinstitusjoner Kommunen kan fatte vedtak om stenging eller begrensning av aktivitet i en enkelt barnehage, skole, universitet, høyskole, fagskole eller annen utdanningsinstitusjon etter smittevernloven § 4-1 første ledd*

*dersom det er nødvendig for å stanse pågående smittespredning. Slik vedtak kan ikke fattes av kommunen som et generelt forebyggende tiltak.*

*Kommunen kan bare fatte generelt stengingsvedtak for barnehager, skoler universiteter, høyskoler, fagskoler eller andre utdanningsinstitusjoner i kommunen dersom det er stor smittespredning. Kommunene i en bo- og arbeidsmarkedsregion bør samarbeide om slike vedtak. Vedtakene skal godkjennes av Helsedirektoratet.*

Med «kommunen» meinast her kommunestyre eller kommuneoverlegen.

## Ved smitteutbrot i skulen

Testing, isolasjon av sjuke, smitteoppsporing og karantene (TISK) er den viktigaste strategien for å gjere smittespreiingen minst mogleg. Ved nye virusvariantar med større spreingspotensiale er det anbefalt å forsterke TISK-responsen, både ved raskare og meir omfattande testing, smittesporing og karantenesetjing. Utvida bruk av karantene kan utfordre bemanningssituasjon ved utbrot i skulen.

Ved symptom på luftvegsinfeksjon er det anbefala å ta ein Covid-19-test. Det er føresette som har ansvar for at elevar som har behov for det blir testa. Skulen sitt ansvar er at verken elevar eller tilsette med symptom på Covid-19 er på skulen. Dersom føresette er i tvil om dei skal teste, skal dei kontakte legekontoret for ei vurdering.

Dersom elevar eller tilsette som er busett i Tokke kommune testar positivt for Covid-19, er det kommuneoverlegen som først vil få informasjon om dette.

Kommuneoverlegen varslar krisestab-leiar. Krisestab-leiar varslar og kallar inn kriseleiinga, mellom anna kommunalsjef oppvekst. Kommunalsjefen har ansvar for å varsle rektor som vidare har ansvar for å varsle resten av skuleleiinga, tilsette og føresette.

Dersom tilsette som ikkje er busett i Tokke kommune testar positivt for Covid-19, skal dei straks gje beskjed til rektor om dette. Rektor skal straks informere kommunalsjefen, som igjen skal varsle leiar av krisestaben. Leiar av krisestaben har ansvar for å varsle og kalle inn kriseleiinga.

Tilsette og føresette vil få denne meldinga frå rektor (med etterhald om ev. tilpassing til den aktuelle situasjonen):

**«Det er påvist Covid-19 smitte ved Tokke skule/Høydalsmo skule. Naudsynte tiltak og smittesporing er sett i gang. Partar som blir omfatta av tiltak og smittesporing vil bli kontakta direkte. Meir informasjon vil fylgje.»**

Ved positiv test hos ein elev, er det i utgangspunktet klassa (kohorten) som blir rekna som nærbondar og sett i karantene. Dersom eleven har sysken, vil ikkje andre klasser bli ramma av karantene før sysken også ev. testar positivt. Sysken blir sett i karantene. Klasser som blir sett i karantene skal få fjernundervisning. Enkeltelevar i ei klasse som blir sett i karantene skal også få undervisning, t.d. ved at dei deltek i timar ved hjelp av Teams og/eller på andre måtar.

Tokke kommune vil sende ei pressemelding om situasjonen. Det er i utgangspunktet ordførar som skal handsame spørsmål frå pressa. Rektor og skulen sitt ansvar i situasjonen er å syte for undervisninga og dei elevane som er på skulen. Det er kommuneoverlegen og helsesektoren sitt ansvar å syte for smittesporing og situasjonen kring smitteutbrotet.

## Telefonliste ved beredskap

Stilling	Namn	Telefonnummer
Kommunalsjef oppvekst kultur og idrett	Finn Arne Askje	Kontakt sentralbordet: 35075200
Rektor Tokke	Tone Lund Skaalen	97171406/ 35075311
Inspektør Tokke	Ånund Ljostad	41161698/ 35075312
Inspektør Tokke	Hilde Øyane	97516740/ 35075326
Rektor Høydalsmo	Aslaug Helene Erikstad	90617771/ 35075602
Inspektør Høydalsmo	Anne Helen Jupskås	90775943/ 35075601

## Når skal elevar og vaksne ikkje møte på skulen/SFO?

Elevar og vaksne med symptom skal ikkje møte på skule eller SFO. Covid-19 viruset er mest smittsamt ved symptom. Symptom på sjukdomen er liknande som ved andre luftvegsinfeksjonar, slik som sår hals, hoste, feber og sjukdomskjensle. (sjå skjema under) Det er derfor svært viktig at personar med luftvegssymptom i pandemiperioden ikkje møter på skule og SFO. Elevar og vaksne skal halde seg heime til allmenntilstanden er god og dei føler seg friske og feberfrie sjølv om dei har restsymptom som hoste, snørr og tett nase.

**Sjå gjeldande smittevernspraksis på Udir sine sider: [https://www.udir.no/kvalitet-  
og-kompetanse/sikkerhet-og-beredskap/informasjon-om-koronaviruset/](https://www.udir.no/kvalitet-og-kompetanse/sikkerhet-og-beredskap/informasjon-om-koronaviruset/)**

Elevar i karantene skal ikkje møte på skulen eller SFO. Det er ikkje skulen sitt ansvar å identifisere kven som skal i isolasjon eller karantene. For meir informasjon sjå Folkehelseinstituttet sine heimesider:

<https://www.fhi.no/nettpub/coronavirus/fakta/karantene-og-isolering/>

Ettersom tida går, er det truleg at både for føresette og tilsette vil oppleve dette kravet vanskelegare. Det er derfor viktig at kommunen og skuleleiinga jamleg gjev informasjon kring dette, og at skule og SFO opprettheld en praksis, kor barn med symptom på luftvegsinfeksjon alltid skal sendast heim.

Det er viktig at skulen i samband med skulehelsetenesta gjev informasjon til heimane om korleis ein kan førebygge forkjøling og andre luftvegssjukdomar som ikkje er Covid-19.

Tiltak:

- Alle med symptom på luftvegsinfeksjon skal halde seg heime frå skule og SFO. Dette gjeld også tilsette. Det skal vera låg terskel for dette. Rettleiaren opnar for at om ein har snørr, tett nase eller lett hoste men elles er friske kan ein møte på skulen/SFO som vanleg. Dette gjeld ikkje fyrste dag med symptom (snørr og/eller andre symptom på luftvegsinfeksjon), men seinare i perioden, dersom allmenntilstanden elles er god.
- Føresette med symptom på luftvegsinfeksjon skal ikkje bringe eller hente til skule eller SFO
- Skulen i samband med skulehelsetenesta skal syte for jamleg informasjon til heimane kring dette
- Elevar med symptom på luftvegsinfeksjon på skule eller SFO skal alltid sendast heim jf. smittevernrettleiaren. Det skal vera låg terskel for dette.
- Elevar i karantene skal ikkje møte på skulen eller SFO
- Elev eller tilsett som har vore i nærbane med smitta, og som testar negativt for korona, skal i 10 dagars karantene.


- Elev eller tilsett som ikkje har vore i nærbane med smitta og som testar negativt for korona, kan kome tilbake til skulen og SFO når dei er feberfri og allmenntilstanden er god, sjølv om dei har tett nase, snørr eller litt hoste.

**NB! Smitteverntiltaka kan endrast gjennom pandemiperioden. Sjå gjeldande tiltak på Udir sine sider:**

<https://www.udir.no/kvalitet-og-kompetanse/sikkerhet-og-beredskap/informasjon-om-koronaviruset/>

## Flytskjema for covid-19-testing ved symptom

### Flytskjema for covid-19-testing ved symptom



\* Personar som allereie er i karantene når dei får symptom på covid-19 isolerast, og husstandsmedlemmene deira blir sett i karantene fram til prøvesvar er klart.

\*\* Barn i barneskole- og barnehagealder som kun har rennande næse og elles er i god allmenntilstand, treng ikkje halde seg heime.

\*\*\* Barn i barneskole- og barnehagealder med lette symptom, kan sjå an heime et par dagar før eventuell test. Ved rask betring kan dei gå tilbake til skole/barnehage utan at testing blir gjennomført.

\*\*\*\* Lette restsymptom etter gjennomgått luftvegsinfeksjon (som vedvarande høste og rennande næse) treng ikkje tilleggast vekt.

## Flytskjema barn

### Når skal sjuke barn haldast heime frå barnehage og barneskule?



#### 1. Har barnet ditt fått feber, hoste, sår hals eller tett nase dei siste 24 timane?



Barnet ditt skal haldast heime.

Om barnet blir dårligare eller du blir uroa, kan du kontakte fastlege eller legevakt.


#### 2. Er barnet ditt framleis sjukt etter 48 timer?



JA

Ring fastlegen eller legevaka om barnet ditt ikkje har blitt betre.

Legen vil bestemme om barnet ditt skal testast.




NEI

Barnet kan gå på skule eller i barnehage når det ikkje har feber og verkar friskt.

Barnet treng ikkje bli testa for covid-19.


Barnet kan gå på skule eller i barnehage sjølv om det framleis har litt snørt eller er hla/hoster noke.

#### 3. Seier legen at barnet ditt skal testast for covid-19?



JA

Barnet skal haldast heime til du har fått svar på testen.




NEI

Barnet kan gå på skule eller i barnehage når det ikkje har feber og verkar friskt.

Barnet kan gå på skule eller i barnehage sjølv om det framleis har litt snørt eller er hla/hoster noke.

#### 4. Viser svaret på testen at barnet ditt har covid-19?



JA

Barnet skal haldast heime. Kommunen vil gje deg melding om kva reglar de som familie må følgje medan barnet er sjukt.



NEI

Barnet kan gå på skule eller i barnehage når det ikkje har feber og verkar friskt.

Barnet kan gå på skule eller i barnehage sjølv om det framleis har litt snørt eller er hla/hoster noke.

#### Kontakt fastlege eller legevakt om barnet er forkjølt og:

- Barnet ikkje orkar vanleg leik og aktivitet.
- Barnet har feber, vondt i kroppen, dåleg matlyst, er slapp, kvalm eller svimmel.
- Barnet har anstrengt pust og/eller pustar fortare enn vanleg når det er i ro.

Hugs at små barn ikkje kan fortelje korleis dei har det, men dei kan vere sutrete, klengete eller irritable.



## Symptomskjema

Symtomer	Akkute luftveisinfeksjoner			Allergi
	Covid-19	Forkjølelse	Influensa	
Feber	Hovedsymptom*	Sjeldent	Vanlig	Sjeldent
Hoste	Hovedsymptom*	Vanlig	Vanlig	Noen ganger
Tungpustethet	Hovedsymptom*	Nei	Sjeldent	Noen ganger
Hodepine	Vanlig	Noen ganger	Vanlig	Noen ganger
Slapphet	Vanlig	Noen ganger	Vanlig	Noen ganger
Nedsatt lukte- og/eller smaksans	Vanlig	Noen ganger	Noen ganger	Noen ganger
Muskelverk	Vanlig	Noen ganger	Vanlig	Sjeldent
Sår hals	Noen ganger (vanlig hos barn)	Vanlig	Vanlig	Sjeldent (men kløe kan forekomme)
Rennende eller tett nese	Noen ganger	Vanlig	Noen ganger	Vanlig
Nysing	Sjeldent	Vanlig	Sjeldent	Vanlig

\*Hovedsymptom er her definert ut ifra WHOs kriterier for mistenkt covid-19.

## Skulane sine føresetnader for fjernundervisning

Alle elevar frå 1.-10.klasse og lærarar ved skulane i Tokke har 1:1 Pc. Dette gjer føresetnadene for fjernundervisning gode. Nettdekning i heimane erfarte vi under skulestenginga våren 2020 at i stor grad er god.

Våren 2020 har vi innført Teams slik at vi mellom anna har moglegheit for videokonferanse med elevane. Vi brukar Skooler for dei eldste elevane, som verktøy for m.a. oppgåvedeling.

Vi har to ressurslærarar i delstilling som er IKT-ansvarlege. IKT-ansvarleg skal vera

støtte for lærarane i å ta i bruk digitale verktøy i undervisninga. For kommunikasjon med heimane brukar vi foreldreportalen i Visma Flyt skule. Skulen brukar også heimesidene til kommunen aktivt for å dele informasjon.

## **Elevar som kan ha krav på utvida tilbod ved stenging**

Elevar frå 1.-4-klasse med føresette som har samfunnskritiske funksjonar og særskild sårbare elevar, kan ha krav på eit utvida tilbod ved stenging av skulen/SFO. Det vil bli tilrettelagt for eit slikt tilbod for desse elevane. Føresette kan be om tilrettelegging ved å søkje rektor.

Det er skulen, helsestasjon eller barnevernet som avgjer, ut i frå gjeldande regelverk, kven som får utvida tilbod. Helsestasjon og barnevern tek kontakt med skulen om dei har kjennskap til elevar dei meiner treng eit slikt tilbod.

## **Bemanning ved sjukdom, karantene og fjernundervisning**

Bemanning ved mange tilsette borte grunna sjukdom eller karantene er ei utfordring. Tilgangen på vikarar er heller låg. Ved mange tilsette borte frå skulen, kan det vera utfordrande å oppretthalde smitteverntiltak grunna bemanningssituasjonen. Dersom vi kjem i ein slik situasjon, kan det vera ei midlertidig løysing å gje nokre klasser fjernundervisning, og/eller ha oppmøte til ulike tider for klasser. Det kan og vera aktuelt at elevar i større grad jobbar etter arbeidsplan. Dette vil ikkje vera ein optimal situasjon, men ei mogleg løysing i ein krisesituasjon. I utgangspunktet skal alle elevar møte som normalt på skulen.

## **Vitjing på skulen for skulestartarar (gult nivå)**

Skulestartarar kan kome frå ulike barnehagar og liknande. Dette gjev blanding av barn og føresette og krev spesielle omsyn. Det er hovudprinsippa for gjeldande smittevern som skal føljast. (ingen sjuke skal møte, god hygiene, og redusert kontakt mellom personar).

### **Gjennomføring:**

- Avhengig av kor mange skulestartarar skulane har, bør ein planlegge kor mange skulestartarar inkludert føresette som kan møte samstundes. Det må tas omsyn til

gjeldande nasjonal rettleiing for arrangement, gruppstørrelsar og samlingar gjeve av Helsedirektoratet.

- Om det er nok plass kan fleire grupper møte samstundes på ulik stad
- Barna bør delast i mindre grupper
- Barna kan ikkje ha tett fysisk kontakt med faderane på høgare klassetrinn
- Der det er mogleg, bør barn frå same barnehage møte samstundes. Det kan vurderast om barna kan møte på skulen i sine kohortar samen med barnehagertilsette.
- Barna bør ha kvar sin pult i klasserommet
- Dersom føresette må følge, må dei kunne halde ein meters avstand til andre barn og tilsette.
- Møter med føresette bør gjennomførast etter gjeldande nasjonal rettleiing for arrangement, gruppstørrelse og samlingar gjeve av Helsedirektoratet.

## Skuleskyss

Det er Vestfold og Telemark fylkeskommune som er ansvarleg for skuleskyssen. Vy er transportør.

Vaksne og elevar som får luftvegssymptom på skulen/SFO skal ikkje nytte kollektivt trafikk eller skulebussane.

Som eit kontaktreduserande tiltak på «raudt nivå», blir føresette oppmoda til å stå for skuleskyssen sjølv, i den grad det er mogleg. Erfaring viser at ikkje så mange som ynskjeleg melder tilbake at dei har høve til dette. Dersom det skulle bli behov for det, kan søsken eller barn i same klasse/kohort sitje ved sidan av kvarandre på bussen.  
Vy har utarbeida eigne rutinar for smittevern på skulebussane.

På «gult nivå» skal alle elevar ha eit fulltidstilbod på skulen. Elevar som treng skuleskyss, skal få dette. Det tyder at retten til skuleskyss går framfor avstandskravet som elles gjeld for kollektivtrafikken. Dette gjeld også på raudt nivå. Dersom det er mogleg å legge til rette for, bør søsken eller barn i same klasse/kohort dele sete.

På «grønt nivå» går skuleskyssen som normalt.

**Lenke om skuleskyss og smittevern:** <https://www.vtfk.no/aktuelt/skoleskyss-og-smittevern/>

## Beredskapsplan for skulane i Tokke etter trafikklysmodellen

### TILTAK VED SJUKDOM (GRØNT, GULT OG RAUDT NIVÅ)

NASJONAL RETTLEIAR	
G R Ø N T	<ul style="list-style-type: none"><li>• Ingen skal møte på skulen/SFO om dei er sjuke.</li><li>• Ved symptom på luftvegsinfeksjon er det anbefala at ein testar seg for Covid-19.</li><li>• Det er viktig at elever som får symptom på luftvegsinfeksjon, går heim (etter varsling til føresette) eller blir henta så fort det let seg gjere.<ul style="list-style-type: none"><li>◦ Sjuke elevar bør om mogeleg ikkje ta offentleg transport.</li><li>◦ Eleven som må hentast, må vente på eit eige rom saman med ein tilsett eller ute der det ikkje er andre born</li></ul></li><li>• tilsette som blir sjuke mens dei er på skule/SFO må gå heim så snart det er mogleg</li></ul>
G U L T	<b>TOKKE SKULE OG HØYDALSMO SKULE</b> <ul style="list-style-type: none"><li>• Ingen sjuke skal møte på skulen/SFO.</li><li>• Elevar eller tilsette skal ikkje møte på skulen/SFO dersom dei har sjukdomssymptom – luftvegssymptom og sjukdomsfølelse. Ein kan møte om ein har allergi og er snufsete av den grunn. Sjå eige flytskjema for covid-19-testing</li><li>• Elevar som tilhøyrar risikogrupper skal få oppfylging med heimeskule (krev legeerklæring og søknad til rektor)</li><li>• Tilsette som tilhøyrar risikogrupper vil bli vurdert individuelt med tanke på tilrettelagt arbeid. I slike tilfelle må det ligge ei legeerklæring til grunn</li><li>• Dersom ein elev blir sjuk på skulen/SFO, held denne til på Tokke skule : kantinerom, på Høydalsmo skule: konferanserommet, saman med ein voksen til vedkomande blir henta.</li></ul>
R A U D T	

## RUTINAR FOR GOD HYGIENE (GRØNT, GULT OG RAUDT NIVÅ)

<b>G</b>	<b>NASJONAL RETTLEIAR</b>
<b>R</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• God handhygiene på rett måte til rett tid</li> <li>• Hoste/nyse i albuekroken eller i tørkepapir</li> </ul>
<b>Ø</b>	
<b>N</b>	<b>TOKKE SKULE OG HØYDALSMO SKULE</b>
<b>T</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• God hand og hostehygiene er viktig</li> </ul>

<b>G</b>	<b>NASJONAL RETTLEIAR</b>
<b>U</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• God handhygiene på rett måte til rett tid.</li> <li>• Hoste/nyse i albuekroken eller i tørkepapir</li> </ul>
<b>L</b>	<b>TOKKE SKULE OG HØYDALSMO SKULE</b>
<b>T</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Det er fokus på rutiner for handvask og hosting, samt desinfisering – gjennomføringa er dei tilsette sitt ansvar</li> <li>• Flaske med reingjeringsmiddel står i kvart klasserom (reinhald fyller på)</li> <li>• Er ein på tur/har uteskule brukar ein våtserviettar og desinfeksjon</li> <li>• Elevar og tilsette skal vaske hendar:</li> <li>• Før ein reiser på skulen og når ein kjem heim <ul style="list-style-type: none"> <li>◦ Når ein kjem på skulen/sfo</li> <li>◦ Etter hosting/nysing</li> <li>◦ Kvar gong ein kjem inn i klasserommet</li> <li>◦ Etter toalettbesøk</li> <li>◦ Før og etter måltid</li> <li>◦ Etter ein kjem inn frå uteaktivitet/friminutt</li> <li>◦ Ved synleg skitne hender</li> </ul> </li> </ul>

<b>R</b>	<b>NASJONAL RETTLEIAR</b>
<b>A</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• God handhygiene på rett måte til rett tid.</li> <li>• Hoste/nyse i albuekroken eller i tørkepapir</li> </ul>
<b>U</b>	<b>TOKKE SKULE OG HØYDALSMO SKULE</b>
<b>D</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Det er fokus på rutinar for handvask og hosting, samt desinfisering – gjennomføringa er dei tilsette sitt ansvar</li> <li>• Flaske med reingjeringsmiddel står i kvart klasserom (reinhald fyller på)</li> <li>• Er ein på tur/har uteskule brukar ein våtserviettar og desinfeksjon</li> <li>• Elevar og tilsette skal vaske hendar:</li> <li>• Før ein reiser på skulen og når ein kjem heim <ul style="list-style-type: none"> <li>◦ Når ein kjem på skulen/sfo</li> <li>◦ Etter hosting/nysing</li> <li>◦ Kvar gong ein kjem inn i klasserommet</li> <li>◦ Etter toalettbesøk</li> <li>◦ Før og etter måltid</li> <li>◦ Etter ein kjem inn frå uteaktivitet/friminutt</li> <li>◦ Ved synleg skitne hender</li> </ul> </li> </ul>
<b>T</b>	

## KONTAKTREDUSERANDE TILTAK (GRØNT, GULT OG RAUDT NIVÅ)

<b>G R Ø N T</b>	<p><b>NASJONAL RETTLEIAR</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Vanleg organisering av skulekvardagen</li> <li>• Tilsette og elevar bør unngå handhelsing og å klemme</li> <li>• Det er ikkje naudsynt med inndeling i kohortar</li> <li>• Elevane skal ikkje dele mat og drikke</li> </ul> <p><b>TOKKE SKULE</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Tilnærma normal drift</li> <li>• Aktivitet på tvers av klasser</li> <li>• Ingen deling av soner i friminutt</li> <li>• Unngå handhelsing og klemming mellom elevar og tilsette</li> </ul> <p><b>HØYDALSMO SKULE</b></p> <p>Skulekvardagen og organisering av den går som normalt, men elevar og lærarar skal ha fokus på god hygiene, og ein skal unngå fysisk kontakt mellom personar (handhelsing og klemming)</p>
----------------------------------	---

<b>G U L T</b>	<p><b>NASJONAL RETTLEIAR</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Tilsette og elevar bør unngå handhelsing og å klemme</li> <li>• Klassa reknast som ein kohort</li> <li>• Tilsette kan veksle mellom kohortar</li> <li>• Ved byte av klasserom, bør elevar desinfisere eller vaske hender</li> <li>• Blanding av kohortar skal skje minst mogleg og berre mellom to faste kohortar</li> <li>• Dersom fleire klasser blandast i nokre fag, bør dei ha faste plassar</li> <li>• Elevane bør ha fast pult/arbeidsplass</li> <li>• Vanleg bevegelse i klasserommet er lov</li> <li>• Unngå større samlingar og trengsel</li> <li>• Elevane blir oppmoda til å halde avstand i friminutta</li> <li>• Elevane skal ikkje dele mat og drikke og bør eta ved kvar sin pult</li> <li>• Ved bruk av kantine bør korhortar sitja saman</li> <li>• Unngå deling av læringsmateriell og utstyr mest mogleg</li> </ul> <p><b>KROPPSØVING:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Utlegym anbefalast.</li> </ul> <p><b>TOKKE SKULE</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Unngå handhelsing og klemming mellom elevane</li> <li>• Kvar klasse blir rekna som ein kohort.</li> <li>• Ingen felles aktivitetar på tvers av klasser</li> <li>• Unngå mest mogleg turar der me nyttar felles transport</li> <li>• Elevane et niste på eige klasserom, ved sin eigen pult</li> <li>• Kantine for ungdomsskulen er stengt</li> </ul> <p>Organisering skule</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Klassene er organisert som vanleg</li> <li>• Tilsette kan gå på tvers av klasser</li> <li>• Fleire inngangar er tekne i bruk for å skape avstand</li> <li>• Inngang ved YX: 9. og 10. klasse</li> <li>• Hovedinngang: 5. 6. og 8. klasse</li> </ul>
----------------------------	---

- Inngang ved SFO: 1. og 2. klasse
- Inngang nedre, ved kulturhuset: 3. 4. og 7. klasse
- Lærar møter elevane ute eller ved inngang og ser til at dei held avstand i gang. Elevane stiller opp og går inn på rekke.
- Lærar planlegg gardrobepllassering med omsyn til avstand
- Uteområdet blir delt inn i soner. Det blir avtalt kvar elev skal møte før skulestart. 1. – til 4. klasse + 7. klasse møter opp bak skulen før skulestart, resten av elevane møter opp på framsida.

#### Dagplan og organisering

- Dagplan er lik for heile skulen
- Elevane blir delt inn i soner i friminutt
- 2 kohortar delar 1 sone i friminutta, elevane i ungdomsskulen er samla i 2 soner. Vakt i alle soner.

#### Spesialrom:

##### Bibliotek

- Elevane brukar bibliotek til låning
- Stillelesing går føre seg på eige klasserom

##### Garderobe og gymsal

- Det blir oppmoda til utegym – elevane brukar garderobar dersom nødvendig.

##### Basseng

- Stengt inntil vidare

##### Musikkrom

- Kan brukast
- Unngå at blåseinstrument blir bruka av fleire elevar
- Handhaldte instrument og tangentar må reingjerast/tørkast av etter bruk (mellom kvar elev)

##### Spesielle omsyn i undervisning

- Utstyr ein brukar i undervisninga må reingjerast mellom kvar elev
- Elevane i barneskulen har eigne boksar på pulten med utstyr (fargar, saks, lim...)

##### Organisering av SFO

- Sfo har vanleg oppningstid
- Borna blir delt inn i 2 kohortar, dette i samsvar med deling i kohortar i skulen
- Fokus på mest mogleg utetid
- Elevane har med eigen niste til alle måltid

##### Toalett:

- Toalett ved sløyd: 9 og 10 klasse
- Toalett ved sfo: Jenter i 1. og 2. klasse
- Toalett ved heis: Gutar i 1. og 2. klasse. Toalett ved hovedinngang: 3, 4, 5, 6, 7 og 8. klasse

##### Skuleskyss (fyljer eigen rettleiar frå busselskapet)

- Skuleskyssen går som normalt
- Elevane kan sitje saman på bussen, men skal halde avstand til andre passasjerar
- Elevane må halde avstand medan dei ventar på bussen

<b>HØYDALSMO SKULE</b>
<ul style="list-style-type: none"> <li>• Alle elevar skal halde avstand</li> <li>• Elevane et niste på eige klasserom, ved sin eigen pult</li> <li>• Kantine for ungdomsskulen er stengt</li> <li>• Det er ekstra vakter ute</li> </ul>
Organisering skule
<ul style="list-style-type: none"> <li>• Klassene er organisert som vanleg</li> <li>• Tilsette kan gå på tvers av klasser</li> <li>• Fleire inngangar er tekne i bruk for å skape avstand <ul style="list-style-type: none"> <li>◦ Klasser/kohortar som brukar rom 5 og 6 går inn ved leskur</li> <li>◦ Klasser/kohortar som brukar rom 1,2 og 3 går inn lærarinngang</li> <li>◦ Klasser/kohortar som brukar rom 9 og 10 går inn samfunnshusinngang nede</li> <li>◦ Klasser/kohortar som brukar rom 11/12 går inn samfunnshusinngang oppe</li> </ul> </li> <li>• Lærar møter elevane ute eller ved inngang og ser til at dei held avstand i gang</li> <li>• Lærar planlegg garderobepllassering med omsyn til avstand</li> <li>• Elevar som går inn lærarinngang tek med seg utesko til garderobeplass</li> <li>• Uteområdet blir delt inn i soner. Det blir avtalt kvar elevane skal møte før skulestart</li> </ul>
Dagplan og organisering
<ul style="list-style-type: none"> <li>• Dagplan er lik for heile skulen</li> <li>• Elevane blir delt inn i soner i friminutt – ulike soner for småskuletrinn, mellomtrinn og for ungdomstrinn</li> <li>• Det er styrka vakthald i friminutt</li> </ul>
Spesialrom:
Bibliotek
<ul style="list-style-type: none"> <li>• Elevane brukar bibliotek til låning</li> <li>• Stillelesing går føre seg på eige klasserom</li> </ul>
Garderobe og gymsal
<ul style="list-style-type: none"> <li>• Det blir oppmoda til utegym – og at ein ikkje brukar garderobar</li> </ul>
Basseng
<ul style="list-style-type: none"> <li>• Stengt inntil vidare</li> </ul>
Musikkrom
<ul style="list-style-type: none"> <li>• Kan brukast</li> <li>• Unngå at blåseinstrument blir bruka av fleire elevar</li> <li>• Handhaldte instrument og tangentar må reingjerast/tørkast av etter bruk (mellan kvar elev)</li> </ul>
Spesielle omsyn i undervisning
<ul style="list-style-type: none"> <li>• Utstyr ein brukar i undervisninga må reingjerast mellom kvar elev</li> <li>• Elevane i barneskulen har eigne boksar på pulten med utstyr (fargar, saks, lim...)</li> </ul>
Organisering av SFO
<ul style="list-style-type: none"> <li>• Sfo har vanleg oppningstid</li> <li>• Fokus på mest mogleg utetid</li> <li>• Elevane har med eigen niste til alle måltid</li> </ul>
Skuleskyss (fyljer eigen rettleiar frå busselskapet)

- |  |  |
|--|--|
|  | <ul style="list-style-type: none"> <li>• Skuleskyssen går som normalt</li> <li>• Elevane kan sitje saman på bussen, men skal halde avstand til andre passasjerar</li> <li>• Elevane må halde avstand medan dei ventar på bussen</li> </ul> |
|--|--|

<b>NASJONAL RETTLEIAR</b>	
<b>R A U D T</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Unngå fysisk kontakt mellom personer t.d. handhelsing og å klemme.</li> <li>• Dele klasser inn i mindre kohortar</li> <li>• Syte for at det er avstand mellom elever/tilsette -Faste lærarar til kvar kohort så langt det er mogleg</li> <li>• Ha same kohortar på SFO som i skulen, om mogleg</li> <li>• Unngå trengsel og store samlingar</li> <li>• Ha eigne område i skulegarden for ulike klasser i friminutt for å minske kontakt mellom ulike kohortar</li> <li>• Tilsette og elevar bør unngå handhelsing og å klemme</li> <li>• <b>Etablere mindre kohortar dersom klassestorleiken er over 15 elevar.</b> -Elevena skal ha ein meters avstand mellom pultane, men det er ikkje naudsynt å begrense vanleg bevegelse i klasserommet.</li> <li>• Kohortar bør i minst mogleg grad byte klasserom. Tilsette kan byte klasserom. Dersom fleire klasser blandast i nokre fag, bør dei ha faste plassar og kunne halde ein meters avstand</li> <li>• <b>Samansettinga av kohortane kan bytast ein gong i veka etter helg, (minst to dagar utan kontakt mellom tilsette og elevar).</b></li> <li>• Unngå større samlingar og trengsel - Ved fysisk plassmangel i skulen, kan alternerande dagar, ulike oppmøtetider og større, alternative lokaler vurderast.</li> </ul> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Elevane må minnast på å halde ein meter avstand i friminutt</li> <li>• Elevane skal ikkje dele mat og drikke og bør eta ved kvar sin pult</li> <li>• Ved bruk av kantine bør korhortar sitja saman</li> </ul> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Unngå deling av læringsmateriell og utstyr så mykje som mogleg</li> <li>• Tilsette skal så langt det er mogleg halde ein meter avstand til elevane. Trøyst og omsorg gjennom-førast som vanleg.</li> <li>• Bruke video-konferanse i staden for fysiske møte med kollegaer dersom der er mogleg.</li> </ul> <p><b>KROPPSØVING:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Skift før kroppsøving kan eventuelt gjennomførast i ulike klasserom for å syte for meir plass.</li> <li>• Dusjing etter kroppsøving anbefalast utsett til elevane har kome heim.</li> <li>• Ved behov for dusjing må elevane delast i mindre grupper for å redusere tal på personar i garderobe/dusj samstundes.</li> <li>• Unngå aktivitetar med nær kontakt mellom elevar, til dømes nokre lagidrettar, pardans, kampsport eller liknande.</li> </ul>

- Symjeundervisning: Klorinnhaldet i bassengvatn inaktiverer både koronavirus og andre virus. Undervisninga må organiserast slik at det ikkje førekjem nærekontakt mellom elevar i garderobar og bassenget.

#### MAT OG HELSE

- Viruset smittar ikkje via mat såframt det utøvast god handhygiene og vanleg kjøkkenhygiene.
- Forsøk å gjennomføre undervisninga på alternative måtar (til dømes heimeoppgåver).
- Unngå mat som lagast utan varmebehandling (t.d. salat)

#### KUNST OG HANDVERK

- Unngå deling av utstyr mest mogleg. Vask og reingjer utstyret der det er mogleg etter bruk

#### TOKKE SKULE

- Unngå handhelsing og klemming mellom elevane
- Små klasse blir rekna som ein kohort, store klasser må delast opp i mindre kohortar. Kvar klasse har faste klasserom.
- Ulik oppmøtetid for elevane. 1. til 4. klasse startar kl. 08.00, dei andre elevane kl. 08.15
- Elevane er delt inn i soner i friminutta. Ei klasse i kvar sone.
- Vakt i kvar sone.
- Fokus på å halde avstand på 1 meter, også mellom pultane.
- Ingen felles aktivitetar på tvers av klasser
- Lærarane går til klasseromma (elevane byter ikkje klasserom)
- Mest mogleg bruk av faste lærarar til kvar kohort

Fleire inngangar er tekne i bruk for å skape avstand

- Inngang ved YX: 9. og 10. klasse
- Hovedinngang: 2, 5, 6. og 8. klasse
- Inngang ved SFO: 1. klasse
- Inngang nedre, ved kulturhuset: 3, 4. og 7. klasse
- Lærar møter elevane ute eller ved inngang og ser til at dei held avstand i gang. Elevane stiller opp og går inn på rekke.
- Lærar planlegg garderobepllassering med omsyn til avstand. I store klasse tek nokon elevar med yttertøy på plassen sin.
- Uteområdet blir delt inn i soner. Det blir avtalt kvar elevane skal møte før skulestart. 1 og 2 klasse + mellomtrinnet møter opp bak skulen. 3 + 4. klasse + ungdomsskulen møter opp på framsida.
- Det er ekstra vaksne på inspeksjonsplanen

Dagplan og organisering

- Dagplan er ulik for småskuletrinnet og resten av klassene (for å unngå at elevane har friminutt på likt).
- Elevane blir delt inn i soner i friminutt – ei sone for kvart klasstrinn
- Det er fokus på mykje utetid/uteundervisning
- Det er ikkje tilbod om leksehjelp

1.-4.kl:	
08.00 - 08.45	1.
08.45- 09.30	2.
09.30 - 09.50	Frim
09.50 - 10.30	3.
10.30 - 11.10	4.
11.10 – 11.30	Mat
11.30 -12.00	Friminutt
12.00-12.50	5.
12.50 – 13.40	6.

5.-10.kl:	
08.15 - 09.00	1
09.00-09.50	2
09.50 – 10.10	Friminutt
10.10 - 10.55	3.
10.55-11.15	Mat
11.15 -12.00	4.
12.00-12.30	Friminutt
12.30 - 13.10	5.
13.10 -13.50	6.

#### Spesialrom:

##### Bibliotek

- Ingen elevar skal opphalde seg på bibliotek. Dette er heller ikkje gjennomgang for elevar
- Bibliotekar finn bøkar til elevane og leverar ut
- Innleverte bøkar blir liggande i karantene ei veke

##### Garderobe og gymsal

- Skal ikkje brukast
- Elevane kan skifte på ulike klasserom, ingen dusjing
- Legg til rette for utegym

##### Basseng

- Stengt

##### Spesielle omsyn i undervisninga

- Utstyr ein brukar i undervisninga må reingjerast mellom kvar elev
- Elevane i barneskulen har eigne boksar på pulten med utstyr (fargar, saks, lim...)

##### Toalett:

- Toalett ved sløyd: 9 og 10 klasse
- Toalett ved sfo: Jenter i 1. og 2. klasse
- Toalett ved heis: Gutar i 1. og 2. klasse
- Toalett ved hovedinngang: 3, 4, 5, 6, 7 og 8. klasse
  
- I mat og helse må ein unngå mat som blir tilberedt utan varmebehandling, legg opp til alternativ undervisning – t.d. heimeoppgåver

##### Organisering, sfo

- Sfo har redusera opningstid, men tilbodet er berre for heimar med foreldre i samfunnskritiske tenester
- Heimar melder behov for tilsyn innan gitt frist kvar veke
- To kohortar kan samarbeid på sfo
- Fokus på mest mogleg utetid
- Elevane har med eigen niste til alle måltid
- Føresette skal ikkje fylgje/hente elev heilt inne på sfo

##### Skuleskyss (fyljer eigen rettleiar frå busselskapet)

- Heimane blir oppmoda om å unngå bruk av skuleskyss mest mogleg

- Foreldre melder frå til skulen dersom eleven skal nytte skuleskyss, slik at busselskapet på best mogleg måte kan planlegge skuleskyssen
- Elevane skal sitje med avstand på bussen. Elevar frå same husstand kan sitje saman
- Elevane må halde avstand medan dei ventar på bussen

## HØYDALSMO SKULE

- Alle elevar skal halde minst ein meters avstand
- Elevane et niste på eige klasserom, ved sin eigen pult
- Kantine for ungdomsskulen er stengt

### Organisering av skulen

- Alle klasser (kohortar) har faste klasserom
- To kohortar kan samarbeide på barnetrinnet, klasser kan samarbeide på ungdomstrinnet, det betyr at;
  - Dei tilsette kan gå mellom samarbeidande kohortar/klasser. Omorganisering kan skje for å få dette til
  - Dei to kohortane kan ha friminutt saman
  - På sfo kan kohortane på småskuletrinnet gå saman
  - Elevane i 1.-4.kl. er delt i to kohortar - 1./2.kl. er ein, og 3./4.kl er ein (ein kohort kan vere på inntil 15 elevar). Desse kohortane kan samarbeide
  - Elevane på mellomtrinnet er to kohortar, desse kan også samarbeide
  - Elevane på ungdomstrinnet er tre kohortar, desse kan samarbeide
- Fleire inngangar er tekne i bruk for å skape avstand
  - Klasser/kohortar som brukar rom 5 og 6 går inn ved leskur
  - Klasser/kohortar som brukar rom 1,2 og 3 går inn lærarinngang
  - Klasser/kohortar som brukar rom 9 og 10 går inn samfunnshusinngang nede
  - Klasser/kohortar som brukar rom 11/12 går inn samfunnshusinngang oppe
- Lærar møter elevane ute eller ved inngang, og ser til at dei held avstand
- Lærar planlegg garderobepllassering med omsyn til avstand
- Elevar som går inn lærarinngang tek med seg utesko til garderobepllass
- Uteområdet blir delt inn i soner. Det blir avtalt kvar elevane skal møte før skulestart
- Det er ekstra vaksne på inspeksjonsplanen

### Dagplan og organisering

- Dagplan er ulik for småskuletrinnet og resten av klassene (for å unngå at elevane har friminutt på likt).
- Elevane blir delt inn i soner i friminutt – mellomtrinn for seg og ungdomstrinn for seg.
- Valfag og andre samarbeidstimar i us gjennomførast. Ha fokus på avstand. Elevar blir gruppert i undervisningsrom etter klasse
- Lærarar blir organisert slik at dei ikkje går på tvers av samarbeidskohortar
- Det er fokus på mykje utetid/uteundervisning
- Det er ikkje tilbod om leksehjelp

1.-4.kl:	
08.45-09.30	1.
09.30-09.45	Friminutt
09.45-11.15	2./3
11.15-11.30	Mat
11.30-11.55	Friminutt
11.55-13.25	4./5.
13.25-13.40	Friminutt
13.40-14.25	6.

5.-10.kl:	
08.45-10.15	1./2.
10.15-10.30	Friminutt
10.30-11.15	3.
11.15-11.35	Mat
11.35-12.20	4.
12.20-12.55	Friminutt
12.55-14.25	5./6.

### Spesialrom:

#### Bibliotek

- Ingen elevar skal opphalde seg på bibliotek. Dette er heller ikkje gjennomgang for elevar
- Bibliotekar finn bøkar til elevane og leverar ut
- Innleverte bøkar blir liggande i karantene ei veke

#### Garderobe og gynsal

- Skal ikkje brukast
- Elevane kan skifte på ulike klasserom, ingen dusjing
- Legg til rette for utegym

#### Basseng

- Stengt

#### Naturfagrom

- Blir bruka som klasserom for ei gruppe

#### Musikkrom

- Blir ikkje bruka (musikkundervisning går føre på elevane sitt faste klasserom)

#### Spesielle omsyn i undervisninga

- Utstyr ein brukar i undervisninga må reingjerast mellom kvar elev
- Elevane i barneskulen har eigne boksar på pulten med utstyr (fargar, saks, lim...)
- I mat og helse må ein unngå mat som blir tilberedt utan varmebehandling, legg opp til alternativ undervisning – t.d. heimeoppgåver

#### Organisering, sfo

- Sfo har vanleg opningstid, men tilbodet er berre for heimar med foreldre i samfunnskritiske tenester
- Heimar melder behov for tilsyn innan gitt frist kvar veke
- To kohortar kan samarbeid på sfo
- Fokus på mest mogleg utetid
- Elevane har med eigen niste til alle måltid
- Føresette skal i minst mogleg grad fylge/hente elev heilt inne på sfo

#### Skuleskyss (fyljer eigen rettleiar frå busselskapet)

- Heimane blir oppmoda om å begrense bruk av skuleskyss
- Foreldre melder frå til skulen dersom eleven skal nytte skuleskyss, slik at busselskapet på best mogleg måte kan planlegge skuleskyssen
- Elevane skal sitje med avstand på bussen. Elevar frå same husstand kan sitje saman
- Elevane må halde avstand medan dei ventar på bussen

## RUTINAR FOR FORSTERKA REINHALD (GRØNT,GULT OG RAUDT NIVÅ)

<b>NASJONAL RETTLEIAR</b>	
<b>G</b>	Ordinære rutinar for reinhald
<b>R</b>	<b>TOKKE SKULE</b>
<b>Ø</b>	Normalt reinhald
<b>N</b>	<b>HØYDALSMO SKULE</b>
<b>T</b>	Normalt reinhald

<b>NASJONAL RETTLEIAR</b>	
<b>G</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Forsterka rutinar for reinhald:</li> <li>Toalett og vaskeservantar må reingjerast minimum dagleg</li> <li>Eingongspapirhandkle og såpe skal vera tilgjengeleg</li> <li>Spisebord vaskast med vatn og såpe etter bruk</li> <li>Dørhandtak, trappegelender, stolar o.l. reingjerast minimum dagleg.</li> <li>Pult arbeidsplass reingjerast dagleg.</li> <li>Nettbrett, tastatur/datamaskin og anna utstyr som delast vaskast etter bruk, minimum dagleg.</li> <li>Det er ikkje naudsynt å bruke desinfeksjonsmiddel</li> </ul> <p><b>BARNESKULEN:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>Redusere talet på leiker og materiell innandørs</li> <li>Leiker og materiell som berre nyttast av ein kohort treng ikkje dagleg reingjering.</li> <li>I staden for reingjering, kan leiker og materiell i «karantene» i 2-3 dagar før dei brukast av ein annan kohort.</li> <li>Tøyleiker og tekstilar vaskast som anvist, om ikkje må dei ryddast bort.</li> </ul>
<b>U</b>	<b>TOKKE SKULE</b>
<b>L</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Forsterka reinhald.</li> <li>Liste for å «krysse av» på kvart toalett kvar gong det blir vaska av reinhaldarane.</li> <li>Liste for å «krysse av» i kvart klasserom. Pultar, dørhandtak, tastatur + diverse overflater. Ansvar: Lærarane.</li> </ul>
<b>T</b>	<b>HØYDALSMO SKULE</b>
	<ul style="list-style-type: none"> <li>Forsterka reinhald.</li> <li>Reinhaldspersonell syter for det daglege reinhaldet, samt ekstra reinhald på toalett og kontaktflater i gangar og korridorar gjennom skuledagen - avkryssingsliste på kvart toalett</li> <li>Lærarar og assistenter har ansvar for ekstra reinhald i klasserom/sførom – kontaktflater, pultar (i samarbeid med elevane), leiker og utstyr – avkryssingsliste på kvart klasserom</li> <li>Utstyr ein brukar i undervisninga må reingjerast mellom kvar elev</li> </ul>

<b>NASJONAL RETTLEIAR</b>	
<b>R</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Forsterka rutinar for reinhald:</li> <li>Toalett og vaskeservantar må reingjerast minimum dagleg</li> <li>Eingongspapirhandkle og såpe skal vera tilgjengeleg</li> <li>Spisebord vaskast med vatn og såpe etter bruk</li> </ul>
<b>A</b>	

<b>U D T</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Dørhandtak, trappegelender, stolar og liknande. reingjerast minimum dagleg.</li> <li>• Pult arbeidsplass reingjerast dagleg.</li> <li>• Nettbrett, tastatur/datamaskin og anna utstyr som delast vaskast etter bruk, minimum dagleg.</li> <li>• Det er ikke naudsynt å bruke desinfeksjonsmiddel</li> </ul> <p><b>BARNESKULEN:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Redusere talet på leiker og materiell innandørs</li> </ul>
<b>TOKKE SKULE</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Forsterka reinhald.</li> <li>• Liste for å «krysse av» på kvart toalett kvar gong det blir vaska av reinhaladarane.</li> <li>• Liste for å «krysse av» i kvart klasserom. Pultar, dørhandtak, nettbrett, tastatur + diverse overflater. Ansvar: Lærarane.</li> </ul>
<b>HØYDALSMO SKULE</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Forsterka reinhald</li> <li>• Reinhaldspersonell syter for det daglege reinhaldet, samt ekstra reinhald på toalett og kontaktflater i gangar og korridorar gjennom skuledagen - avkryssingsliste på kvart toalett</li> <li>• Lærarar og assistenter har ansvar for ekstra reinhald i klasserom/sførom – kontaktflater, pultar (i samarbeid med elevane), leiker og utstyr - avkryssingsliste på kvart klasserom</li> <li>• Utstyr ein brukar i undervisninga må reingjerast mellom kvar elev</li> </ul> <p><b>BARNESKULEN:</b></p> <p>Redusere talet på leiker og materiell innandørs og utandørs</p>

## TILTAK FOR TILSETTE (GRØNT, GULT OG RAUDT NIVÅ)

<b>G R Ø N T</b>	<p><b>NASJONAL RETTLEIAR</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Tilsette og elevar bør unngå handhelsing og å klemme</li> <li>• Tilsette skal få opplæring i å gjennomføre nødvendige smitteverntiltak</li> </ul> <p><b>TOKKE SKULE</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Unngå handhelsing og klemming mellom elevar og tilsette</li> <li>• Tilsette gjennomgår kurs på KSLæring i <i>Smittevernhandtering</i> og <i>Handhygiene</i></li> </ul> <p><b>HØYDALSMO SKULE</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Unngå handhelsing og klemming mellom elevar og tilsette</li> <li>• Tilsette gjennomgår kurs på KSLæring i <i>Smittevernhandtering</i> og <i>Handhygiene</i></li> </ul>
----------------------------------	---

<b>G U L T</b>	<p><b>NASJONAL RETTLEIAR</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Begrense fysiske møter, eventuelt tilrettelegging for videokonferanse (gul/raud smittesituasjon)</li> <li>• <b>Halde minimum ein meter avstand til andre tilsette</b></li> <li>• <b>Bruk av munnbind anbefalast utanom klasserommet om dette er eit tiltak i kommunen</b></li> </ul>
----------------------------	--

	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Etablere rutinar for vask av felles nettbrett og datamaskiner/tastaturar</li> <li>• Unngå bruk av offentleg transport mest mogleg</li> <li>• Vikarar er berre på ein skule pr. dag</li> </ul>
	<b>TOKKE SKULE</b>
	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Tilsette held avstand til kvarandre, minst 1 meter</li> <li>• Normal gjennomføring av lagsmøte, men må bruke rom der ein kan sitte med 1 meter avstand til kvarandre.</li> <li>• Morgonmøte reduserast til 2 gonger i veka.</li> <li>• Noko fellesmøte (obs på lokale)...noko møte ved bruk av teams.</li> </ul>

R A U D T	<b>NASJONAL RETTLEIAR</b>
	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Unngå fysiske møter mest mogleg, eventuelt leggje til rette for videokonferanse (gul/raud smittesituasjon)</li> <li>• <b>Halde minimum 1 meter avstand til andre tilsette</b></li> <li>• <b>Nytte munnbind utanfor undervisninga</b></li> <li>• Etablere rutinar for vask av felles nettbrett og datamaskiner/tastaturar</li> <li>• Unngå bruk av offentleg transport mest mogleg</li> </ul>
	<b>TOKKE SKULE</b>
	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Alle fellesmøte for tilsette blir gjennomført på teams. Ingen morgonmøte.</li> <li>• Ingen normal gjennomføring av foreldremøte og utviklingssamtaler.</li> <li>• <b>Nytte munnbind utanfor undervisning der ein er saman med andre</b></li> </ul>
	<b>HØYDALSMO SKULE</b>
	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Tilsette held avstand til kvarandre, minst ein meter</li> <li>• <b>Nytte munnbind utanfor undervisning der ein er saman med andre</b></li> <li>• Alle fellesmøter blir gjennomført på Teams</li> <li>• Ingen normal gjennomføring av foreldremøte og utviklingssamtaler</li> <li>• Avstand på personalrom, et gjerne på eigen kontorlass</li> </ul>